

Biologisk mangfald-registrering i Radøy kommune 2001



Kartlegging av naturtyper i Radøy kommune

Av Kjersti Isdal, Isdal Naturplan 2001

Innbald

INNHALD.....	3
INNLEDNING	4
Biologisk mangfold – kartlegging av naturtypar	4
Dei ulike naturtypane	6
Generelt om naturforhalda i Radøy kommune	4
MYR	7
Intakt lavlandsmyr.....	7
KULTURLANDSKAP	8
Slåtteenger	8
Slåttemyr	8
Artsrike vegkantar.....	8
Naturbeitemark	9
Hagemark.....	10
Skogsbeite.....	10
Kystlynghei.....	11
Store gamle trær.....	11
Parklandskap.....	11
FERSKVANN / VÅTMARK	12
Viktige bekkedrag.....	12
Rike kulturlandskapsjøer.....	12
SKOG	13
Rik edellauvskog.....	13
Rikere sumpskog.....	13
KYST OG HAVSTRAND.....	14
Grunne strømmer	14
Undervannseng	14
Strandeng og strandsump.....	14
Tangvoller.....	14
Brakkvannspoller	14

Innledning

Biologisk mangfold – kartlegging av naturtypar

Denne kartlegginga av naturtypar i Radøy kommune er utført i løpet av juni, juli og august 2001. Det vart satt av to mnd arbeid til dette. Kartlegginga kjem innunder den nasjonale "biologisk mangfoldregistreringa", som alle landets kommuner bør ha utført i løpet av år 2003:

"Alle landets kommuner skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfoldet på kommunens areal i løpet av år 2003" (St.meld.58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling")

På bakgrunn av denne statsmeldinga vart det utarbeidd ei handbok i kartlegging av naturtypar, som denne registreringa er utført etter. Eit av måla med registreringa er at det skal verte enklare for kommunane å ta omsyn til verdifulle naturtypar ved planleggingsarbeid og saksbehandling i kommunen.

Resultata av registreringsarbeidet er tilgjengelege i for av eit kart der alle lokalitetane er innteikna. Dette føreligg digitalt og kan takast inn som eit eige kartlag på dataskjermen (ved bruk av PS-GIS/Innsyn). Det er knytt ein tabell til kartlaget (NATUR_RADØY), slik at ein kan hente inn data om området ved å bruke "i" (informasjons) –knappen, og klikke på området på skjermen. Det er laga ein eigen Excel-tabell med eigenskapsdata over alle lokalitetane (BM-Naturtype_eigenskapstabell). I tillegg er det laga til ein perm med oversikt over alle områda. Her vil ein finne eit fakta ark og eit kartblad for kvar lokalitet, samt foto av dei fleste områda.

Områda som her er representert er utvald på bakgrunn av tidlegare registreringar, opplysningar frå informantar, litteratur, flyfototolkningar og eigne feltregistreringar. På den begrensa tidsramma som er lagt til grunn for arbeidet, ville det vere uråd å rekkje over alle dei områda som nok burde vore dekkja av registreringa. Målsetnaden har difor vore å gjere eit grunnarbeid der ein har kome fram til eit ferdig resultat i form av eit kart og ein tabell. Dette vil gjere det enklare å leggje til eventuelle nyregistreringar seinare. I tillegg er det laga til ein perm med eit fakta-ark og ei bildeside for kvar lokalitet. Dette er meint som eit supplement til bruk i kommunen, for å gjere datamaterialet meir tilgjengeleg.

Generelt om naturforhalda i Radøy kommune

Radøy er ei langstrakt øy mellom Lindås i aust og Holsnøy og Hjeltefjorden i vest. Kystlinja er låg og sterkt oppskoren, og øya er ikkje særleg høg. Åsar og ryggar når opp i omlag 200 m.o.h. Store delar av øya høyrer til strandflata, og særleg i nordvest er det god dyrkingsjord og frodige lauvskoglier. Berggrunnen er samansett av anorthositt og mangeritt, og strukturen i landskapet er bestemt av strøkretningen i Bergensbogane, som her går i retning nordvest-søraust. Landskapet er derfor karakterisert av låge, langstrakte ryggar i veksling med skogkledd søkk i mosaikk med myrar og små vatn. Strandsona i kommunen er smal, men i dei mange trange og beskytta vikene finst velutvikla undervassenger dominerte av ålegras. (Havstrand i Hordaland, Regionale trekk og verneverdiar – DN-rapport 1992-2. Anders Lundberg, Institutt for geografi, UiB.)

To kategoriar av naturtypar utpeiker seg som spesielt viktige med tanke på å ivareta det biologiske mangfoldet: Til den første kategorien høyrer naturtypar som er begrensa i areal eller er relativt sjeldne lokalt (ofte kalla nøkkelbiotopar). Døme på dette er m.a. ei edellauvskogslie i eit ellers bjørkedominert kulturlandskap. Ein bekk eller eit stort, gammalt lauvtre kan knapt kallast naturtypar, men begge kan kallast nøkkelbiotopar fordi dei er viktige leveområde for spesielle organismer. Til den andre kategorien naturtypar høyrer slike som er spesielle eller særprega for eit større område, men sjeldne regionalt eller nasjonalt. Døme på dette er dei lange, smale, myrdekte dalsøkkka ein finn fleire av i Radøy. (NNI 1996).

Dei ulike naturtypene

Naturtypene er delt inn i 7 hovudtyper, som igjen er inndelt i 56 naturtyper. Av desse er følgende naturtyper teke med i Radøy:

Myr

Intakt lavlandsmyr

Kulturlandskap

Slåtteenger
Slåttemyr
Artsrike vegkantar
Naturbeitemark
Hagemark
Skogsbeite

Kystlynghei
Store gamle trær
Parklandskap

Ferskvann / våtmark

Viktige bekkedrag
Rike kulturlandskapsjøer

Skog

Rik edellauvskog
Rikere sumpskog

Kyst og havstrand

Grunne strømmer
Undervannseng
Strandeng og strandsump
Tangvoller
Brakkvannspoller

Myr (A)

Intakt lavlandsmyr (A01)

Radøy har store myrområde som ikkje har vorte grøfta og oppdyrka. Spor etter torvtaking finn ein nok i alle. Desse store samangengande myrområda er viktige for spesielt kartplanter og insektarter, men og for mange fugleartar.

Tabell 1 : Intakt lavlandsmyr

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
10101	Grinheim, "Havet"	Myr	Intakt lavlandsmyr	A	Stor låglandsmyr, spor etter torvtaking
10102	Villanger-Mjø̄s	Myr	Intakt lavlandsmyr	B	Stort myrområde mellom Villanger - Mjø̄s
10103	Skarås-Lyngås	Myr	Intakt lavlandsmyr	B	Myrområde mellom Skardås og Lyngås

Kulturlandskap (D)

Slåtteeuger (D01)

Slåtteeuger i langvarig hevd som har vært lite/ikkje gjødsla eller jordbearbeida. Dei gamle blomsterrike slåtteeugane er ein skjelden naturtype. Der ein har komme til med traktor og fôrhaustar har det vorte gjødsla slik at artsmangfaldet har endra seg. I ulendt terreng har områda ofte blitt beiteland. Det er for det meste små lokalitetar som er registrert på Radøy. Indikatorartar på ugjødsla slåtteeug kan vere mellomanna blåklokke og prestekrage.

Tabell 2: Slåtteeuger

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
40101	Mjøs	Kulturlandskap	Slåtteeuger	B	Tørreng
40102	Vetås	Kulturlandskap	Slåtteeuger	B	Artsrik tørreng/jordnøtteng i bakke.
40103	Olsvoll	Kulturlandskap	Slåtteeuger	B	Artsrik slåtteeug langs vegen.
40104	Olsvoll	Kulturlandskap	Slåtteeuger	B	Artsrik slåtteeug langs vegen.
40105	Halland	Kulturlandskap	Slåtteeuger	B	artsrik slåtteeug i bakkeskråning ved vegen.
40106	Mellingen	Kulturlandskap	Slåtteeuger	C	Artsrik slåtteeug

Slåttemyr (D02)

Myrer med slåtteeubetinga vegetasjon og preg, som tradisjonelt vart slått som ein del av fôrberginga. Ein veit ikkje om nokon slåttemyrer som framleis er i hevd på Radøy i dag, men det kan nok finnast fleire som framleis har ein tilstand som indikerar langvarig hevd.

Tabell 3: Slåttemyr

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
40201	Birkeland	Kulturlandskap	slåttemyr	B	Truleg ei gammal slåttemyr innerst i Byrkjelandsvågen.

Artsrike vegkantar (D03)

Urterike vegkantar med etablert vegetasjonsdekke.

Tabell 4: Artsrike vegkantar

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
40301	Straume	Kulturlandskap	Artsrike veikantar	B	artsrike vegkantar langs asfaltveg ned mot kaia
40302	Boga (v/ Nesvatnet)	Kulturlandskap	Artsrike veikantar	C	artsrik vegkant, orkideè
40303	Mangerøy	Kulturlandskap	Artsrike veikantar	C	Gammal grasdekt veg i utmarka ved Svemyra. Øyentrøst.

Naturbeitemark (D04)

Ikkje tresatt beitemark i langvarig hevd som har vært lite/ikkje gjødsla eller jordbearbeida. Radøy er rik på denne naturtypen.

Tabell 5: Naturbeitemark

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
40401	Morken	Kulturlandskap	Naturbeitemark	B	Beitemark i langvarig hevd, stort område.
40402	Ingholmen	Kulturlandskap	Naturbeitemark	B	Naturbeitemark på holme mellom Marøy og Bøneset.
40403	Lundsåsen	Kulturlandskap	Naturbeitemark	B	Beitemark i langvarig hevd, stort område.
40404	Dale	Kulturlandskap	Naturbeitemark	B	beitemark på tidligere slåttemark
40405	Lyseknappen	Kulturlandskap	Naturbeitemark	C	beitemark på tidligere slåttemark, bjørkehage?
40406	Kolås	Kulturlandskap	Naturbeitemark	B	beitemark på tidligere slåttemark
40407	Olsvoll	Kulturlandskap	Naturbeitemark	B	Naturbeitemark i god hevd.
40408	Nøttvedt	Kulturlandskap	Naturbeitemark	B	beitemark på tidligere slåttemark
40409	Morken	Kulturlandskap	Naturbeitemark	B	Naturbeitemark på gammel slåttemark. Beita av sau.
40410	Hestøyni	Kulturlandskap	Naturbeitemark	B	Graskledt sommarbeite for sau, lite gjødsla.
40411	Vågeneståni	Kulturlandskap	Naturbeitemark	B	Naturbeitemark ned mot sjøen. Beita av Angus storfe.

Hagemark (D05)

Tabell 6: Hagemark

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
40501	Tjore	Kulturlandskap	Hagemark	B	Bjørkehage i vestvendt skråning, store tre.
40502	Frotaule	Kulturlandskap	Hagemark	B	Bjørkehage på Frotaule.
40503	Solheim	Kulturlandskap	Hagemark	B	Hagemark med bjørk, hassel, osp, rogn. Beita av sau.
40504	"Hjelmie", Helland	Kulturlandskap	Hagemark	B	beitemark med hassel, beita av sau og ungdyr, lite gjødsla.
40505	Lervik	Kulturlandskap	Hagemark	A	Hagemark med store eiketre, mykje hassel. Beita av sau.
40506	Solend	Kulturlandskap	Hagemark	B	Hagemark med eiketre, bjørk og hassel. Beita av sau.

Skogsbeite (D06)

Tabell 7: Skogsbeite

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
40601	Kviste	Kulturlandskap	Skogsbeite	C	Skogsbeite med bjørk og eik.
40602	Eikjelitone, Halland	Kulturlandskap	Skogsbeite	B	Hagemarkskog med eik og hassel.

Kystlynghei (D07)

Radøy har fleire store områder med kystlynghei som er i god hevd. Ormåda ligg som eit belte i den nordvestlege delen av kommunen. Toska er truleg det mest verdifulle området når det gjeld størrelse og hevd. Her veks og purpurlyng, som er ein varmekjær og meir kalkkrevjande lyngart.

Tabell 8: Kystlynghei

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
40701	Toska, Uttoska	Kulturlandskap	Kystlynghei	A	Kystlynghei i god hevd, purpurlyng. Stort område.
40702	Bøøyne	Kulturlandskap	Kystlynghei	B	Fin kystlynghei i god hevd.
40703	Vardøyne	Kulturlandskap	Kystlynghei	B	Fin kystlynghei i god hevd. Vert beita av villsau.
40704	Bøneset	Kulturlandskap	Kystlynghei	B	Vekslende mellom lyng og grasmark. Stort område.
40705	Syltanaset	Kulturlandskap	Kystlynghei	C	Stort område med lynghei, under gjengroing.
40706	Rapeneset	Kulturlandskap	Kystlynghei	C	Stort område med lynghei, under gjengroing.
40707	Kvolmo	Kulturlandskap	Kystlynghei	C	Kystlynghei på Kvolmo, deler tilplanta med gran.
40708	Lervik	Kulturlandskap	Kystlynghei	B	Kystlynghei i god hevd.

Store gamle trær (D12)

Tabell 9: Store gamle trær

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
41201	Vettås	Kulturlandskap	Store gamle trær	B	Stor lønn, 3,60 m i omkrets. Gammalt tuntre i fråflytt tun.
41202	Holland	Kulturlandskap	Store gamle trær	C	Stort bøketre i tunet på Holland. 4,29 m i omkrets.
41203	Manger	Kulturlandskap	Store gamle trær	B	stor ask, 4,20 m i omkrets. Del av prestegardsalléen.
41204	Manger	Kulturlandskap	Store gamle trær	C	to "tvilling"-eiketre, eføy oppover stammen. 2,50 m i omkrets
41205	Manger	Kulturlandskap	Store gamle trær	B	stor alm som står i prestegarden, 4 m i omkrets.
41206	Mjøs	Kulturlandskap	Store gamle trær	B	Stort bøketre på Mjøs. Ca. 4,55 m i omkrets i midjehøgde.

Parklandskap (D13)

Tabell 10: Parklandskap

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
41301	Prestegardsalléen	Kulturlandskap	Parklandskap	B	Gammal allè på Manger, med store aske- og lønnetre.

Ferskvann / våtmark (E)

Viktige bekkedrag (E06)

Tabell 11: Viktige bekkedrag

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
50601	Storelva	Ferskvann/våtmark	Viktige bekkedrag	A	Viktig bekkedrag i kulturlandskapet mellom Helland og Myking.
50602	Boga	Ferskvann/våtmark	Viktige bekkedrag	B	Viktig bekkedrag ved innløpet til Nesvatnet ved Boga.
50603	Villanger	Ferskvann/våtmark	Viktige bekkedrag	B	Viktig bekkedrag med myrpartier, Færevatn-Villangervågen.
50604	Gjerde	Ferskvann/våtmark	Viktige bekkedrag	B	Gjerdevatn med tilførsle-elver.
50605	Klubbeselva	Ferskvann/våtmark	Viktige bekkedrag	B	Myrområde med et tjern og tilhørende elvekanaler.
50606	Haukåstjønna	Ferskvann/våtmark	Viktige bekkedrag	B	Myrområde med et tjern og tilhørende elvekanaler.
50607	Kvernhuselva	Ferskvann/våtmark	Viktige bekkedrag	B	Myrområde v/Sletta med et tjern og tilhørende elvekanaler.

Rike kulturlandskapsjøer (E08)

Tabell 12: Rike kulturlandskapsjøer

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
50801	Storevatnet, Toska	Ferskvann/våtmark	Rike kulturlandskapssjøer	B	Takrøyrbelte i nordenden av vatnet.
50802	Kjevatnet, Manger	Ferskvann/våtmark	Rike kulturlandskapssjøer	B	Strandrøyrbelte, nøkkerose, tjønnaks. Rikt fugleliv.
50803	Litlevatnet, Toska	Ferskvann/våtmark	Rike kulturlandskapssjøer	B	strandrøyrbelte, tjønnaks, nøkkerose, kortskuddsplanter.
50804	Tjønnebotnane	Ferskvann/våtmark	Rike kulturlandskapssjøer	B	
50805	Bøtjørna	Ferskvann/våtmark	Rike kulturlandskapssjøer	B	strandrøyrbelte, sverdlilje, tjønnaks, nøkkerose.

Skog (F)

Rik edellauvskog (F01)

Tabell 13: Rik edellauvskog

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
60101	Manger	Skog	Rik edelløvsog	B	Liten bøkesog ved idrettsbana. Planta for ca. 100 år siden.
60102	Manger	Skog	Rik edelløvsog	A	Rik edellauvskog ved Mangerspollen, innslag av lind.
60103	Ystebø	Skog	Rik edelløvsog	C	Hasselsog i sørvestvendt skråning mellom Ystebø og Instebo.
60104	Myking	Skog	Rik edelløvsog	A	Rik edellauvskog med innslag av lind.
60105	Gjerde	Skog	Rik edelløvsog	B	Hasselsog i sørvestvendt skråning mellom Gjerde og Soltveit.
60106	Halland	Skog	Rik edelløvsog	A	Rik edellauvskog med innslag av lind.
60107	Solend	Skog	Rik edelløvsog	B	Edellauvskog med eik, hassel, selje som dominerende treslag.

Rikere sumpskog (F06)

Tabell 14: Rikere sumpskog

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
60601	Olsvoll	Skog	Rikere sumpskog	B	Bjørkesumpskog langs bekkedraget i bunnen av dalen.

Kyst og havstrand (G)

Grunne strømmer (G01)

Tabell 15: Grunne strømmer

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
70101	Bøøysundet	Kyst og havstrand	Grunne strømmer	B	Grunt sund mellom Bøøyne og Lambholmen/Horsøyne.
70102	Lyktikjølleren	Kyst og havstrand	Grunne strømmer	B	Sundet mellom Vardøyne og Lykti, skjellsandbunn, kråkeboller.
70103	Havna (på Kråkena)	Kyst og havstrand	Grunne strømmer	B	Sundet mellom Øysteinane og Hesjetåni, sjøfuglreservat.
70104	Svelingasundet	Kyst og havstrand	Grunne strømmer	B	Smalt langt/grunt sund mellom Svelingane, aust for Forsøyne.

Undervannsenseng (G02)

Tabell 16: Undervannsenseng

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
70201	Taulevågen, Lunde	Kyst og havstrand	Undervannsenseng	C	Undervannsenseng med ålegras i indre delar av Taulevågen.

Strandeng og strandsump (G05)

Tabell 17: Strandeng og strandsump

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
70501	Villanger	Kyst og havstrand	Strandeng og strandsump	B	Strandeng i Villangervågen.
70502	Kvolmo	Kyst og havstrand	Strandeng og strandsump	B	Strandeng på skjellsand, sumpmark i indre deler.
70503	Kvolmo	Kyst og havstrand	Strandeng og strandsump	C	Strandeng på skjellsand, sumpmark i indre deler.

Tangvoller (G06)

Tabell 18: Tangvoller

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
70601	Trædsvågen	Kyst og havstrand	Tangvoller	B	Tangvoll.

Brakkvannspoller (G08)

Tabell 19: Brakkvannspoller

OMR_NR	NAVN	HOVEDTYPE	NATURTYPE	VERDI	MERKNAD
70801	Mangerpollen	Kyst og havstrand	Brakkvannspoller	C	Brakkvannspoll like ved Manger sentrum.